

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 1 - Mars 2023 57. årg.



Med KN til Tanzania

side 12



Song og glede ein torsdag side 5



Kyrkjemiddag i Brynekyrkja side 6



Kyrkjeringane på Bryne side 14



Nytt misjonsprosjekt side 20

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkja.no
e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf 911 63 039
Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Kyrkjeverje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Time
Heimeside: timekyrkja.no/time-sokn
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspegagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland tlf. 401 68 422
Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf 481 14 974
Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf 990 26 276
Klokkar: Maren Dyngeland tlf 905 65 198
Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting tlf 482 79 806
Kyrkjetenar ved gravferd:
Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Kyrkjelydspegagog: Tone Vold tlf. 918 81 818
Administrasjonleiar:
Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar:
Jostein Aa. Tollaksen tlf. 909 88 880
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjetenar helg: Arne Espevik tlf. 909 70 522
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf.466 56 825

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Sokneprest vikar: Roald Byberg tlf. 400 38 028
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102

Time sokneråd time.soknerad@timekyrkja.no
Bryne sokneråd bryne.soknerad@timekyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no



Roald Byberg

Opp til Jerusalem, mot påskebyen. «Se vi går opp til Jerusalem». Dette er ein kjent salme me syng i fastetida og som fortel kva frelsa kosta.

I openberringstida har me vandra i lyset, som braut fram i Betlehem ved Jesu fødsel. Jesus har stige fram gjennom tekstane, og me har merka kva lysglansen hans gjer med menneske.

Frå fastelavns søndag dreg me opp mot Jerusalem, opp til påskebyen. Det tek til med: "Følg meg!". Dei to orda er ikkje berre ein invitasjon, dei er ei mottaking i elevflokk.

Jesus underviste ved å gå saman med læresveinane og leve saman med dei heile tida, - bortsett frå når han var åleine i bøn. Jesus ga seg god tid med elevane sine. Fleire gonger, når store folkemengder trengte på, sette han seg roleg ned og underviste læresveinane sine.

Læresveinane var saman med Jesus med heile seg, ikkje berre med søndagssida si. Jesus fekk møte kvardagssida deira, vrangsida og rettsida, godsida og den vonde sida, misunning og hengivenhet, velvilje og misforstått aksjonsvilje. Og Jesus let læresveinane læra å kjenna glede og tårene hans, tillitsfulle bønner og offentleg forkynning, popularitet og fornedring, han viste kor målretta han var, men og angsten sin, medkjensle og raseri, tolmod og resignering, hans trong for å vera åleine og hans behov for å ha dei rundt seg, om hans frelse

og hans dom. Læresveinane var stolte av han, men dei kunne også kjenne på fornærminga av det han sa og gjorde.

Læresveinane skulle ikkje berre læra. Jesus tok dei med inn i korleis han skulle frelsa verda. Han prøvde å fortelja dei at han skulle lida og døy. Han delte gleda over oppstoda med dei, og han ga dei Den Heilage Ande. Han la påsken rundt dei og i dei. Han sende dei ut med påska, for å leggje den rundt menneske etter menneske, og folkeslag etter folkeslag.

Jesus sa at læresveinane skulle løfte opp sine krossar, og bere si smerte. Jesus lukka læresveinane inn i smertene han bar på. Det vakraste teikn på hans kjærleik til dei, er kanskje desse orda "Så vak med meg!". Den verste natta i Jesu liv trong han å ha venene hjå seg. Og så drog han læresveinane, med kvar sin kross, opp til seg på hans kross. "Og når eg vert opplyft frå jorda, skal eg dra alle til meg!"

Her er me inne ved det mysterium som krossen er. Eit mysterium når me aldri til botnar i, men me kan ause av det, som ein brønn. Me kan få tak i mysteriet, men me kan aldri få tak rundt det. Noen snur når dei møter mysteriet: Det nytta jo ikkje, me kan aldri finne uttømmende svar.

Det viktigaste med ein brønn og eit mysterium er nettopp at dei ikkje kan tømast. I krossen sitt mysterium er det nok for heile livet. Der er det nok når tankane er opne og når tankane går i surr. Det er nok i år 400 og i år 2023. Det er nok for gatebarn i storbyar og for sjømenn forbi Jærkysten. For overgrepsoffer og over-griparar. Ved krossen kan alle kjenne at dei vert tekne på alvor, både med si synd og si katastrofe. Du er fri. Lenkene er brotne. Skulda er betalt. Jesus har gjort det. No skal me minnast dette i fastetida – på veg til Jerusalem , til påskehendingane. Jesus fór ikkje forbi dei vanskeleg portane for å koma raskt i mål og verta hylla ei kort tid og så diska. Nei, han fullførte planen. Det er det me skal gjera no i denne fastetida. «Se vi går opp til Jerusalem». Til hans død, men også til oppstoda og siger.

Gud i en tid da alle krefter røynes.

T Per Lønning 1969
M Knut Nystedt 1969

1. Gud, i en tid da alle krefter røynes, ber vi om hjelp i hele verdens strid, der ingen lysning over veien øynes: Gud, vær oss nådig nær i denne tid!
2. Gud, i et år da luft og vann forgiftes, og ingen rettferd eller likhet rår, nå blant nasjoner verdens brød skal skiftes: Gud, vær oss nådig nær i dette år!
3. Gud, i en stund da tusener går trette, vekk oss! La ordet av din egen munn slå ned og rope oss brutalt til rette! Gud, vær oss nådig nær i denne stund!
4. Gud, på en dag da alt vi før har famlet, når oss igjen i nye nederlag, hør når vi ber, i helligdommen samlet: Gud, vær oss nådig nær på denne dag!
5. Gud, på en jord som snart kan gå til grunne, rens du vår tanke og vår politikk! I Jesu navn: Gjør våre vilje sunne! Gud, kom oss nær i dette øyeblikk!



Framsidedo: KNUT ANDERS SØRUM

Utgitt av: Time kyrkjelege fellestråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellestråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 1. mars



Jan Helge Stensland

Det måtte ein krig til før eg fekk auga opp for denne salmen, skriven av Per Lønning (1928-2016) i 1969, same året som han var utnemnd til biskop i Borg. Dagen etter at Vladimir Putin sette i gang det han kalla spesialoperasjonen sin i Ukraina, la organisten Tor Arne Grønbech ut ein videosnutt på Youtube med tekst og musikk til salmen saman med ein gripande biletserie. Salmen teiknar i fem strofer eit dystert bilete av ei verd i krise, ein sterk situasjonsrapport der kvar strofe munnar ut i eit fortvilt bønnerop frå kyrkjelyden: «Gud, vær oss nådig nær...!»

Det slår ein kor aktuell den 54 år gamle teksten er. Diktaren kjem innom både forureiningsproblematikken og den urettferdige fordelinga av goda i verda. Dessutan

hadde han truleg mellom mykje anna både den kalde krigen, Vietnamkrigen og Biafrakrigen i Nigeria i tankane. I boka Stevnemøte med salmeboka skriv Vidar Kristensen: «Salmen var banebrytende da den kom. Den satte ord på en stadig økende uro for situasjonen i verden.»

Når så kyrkjelyden ropar på Gud, er ikkje dette uttrykk for eit desperat forsøk på å flykta frå den harde røyndomen. Det er noko trygt midt i det utrygge å påkalla den heilage, allmektige og nådige Gud, Han som har «fredstankar og ikkje ulukketankar» med oss, og som vil gje oss «framtid og von» (jf. Jeremia 29,10). Han er den som kan reinsa «vår tanke og politikk», gjera «våre viljer sunne» og gje oss mot og styrke til å vera med på å gjera verda i det minste til ein litt betre stad å vera.

Snarare enn å rekna salmen som «Min salme», ser eg på han som ein viktig bønosalme som det passar særst godt å ta med seg inn i fastetida, kan henda saman med ein annan salme av Per Lønning, nemleg den som opnar slik: «Å Gud for jord og alter, stig ned og se vår nød! Hvor vettløst vi forvalter vår verden og dens brød!» (Nr 263 i Norsk salmebok 2013)

Song og glede ein torsdag ettermiddag i januar

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Bryne barnekor er det nye namnet på barnekoret i Bryne kyrkje.

Etter jul møter ca 40 barn opp - og like mange foreldre, besteforeldre sit i benkene.

-Rekordmange i dag, seier dirigent Tone Vold

Per Olav Egeland spelar melodien til "Eg blir så glad når eg ser deg". Små og store syng ståande, nokre vandrane. Mykje klapping - bak, framme, oppe, nede. Klappinga går etter kvart over i store -, små - og mini-stormar.

Mykje energi i fri flyt!

Så er det oppstilling: Bakerst: 4. klasse - dei eldste i koret, så stiller klassetrinn etter klassetrinn opp og til slutt 4- åringane. Ein flott gjeng! Dirigent Tone og medhjelpar Johanna Edland Håland er klare.

Tone har ein pose med songkort, barna får trekkja etter tur, og så er det synging som gjeld. Repertoaret er variert: Mø,mø, mø, Må Gud velsigne deg, Hasse, Hasse hare har en flue på sin nase. Vær meg nær o, Gud....

Blant dei oppstilte barna foregår det mykje: ein et på jakken sin, ein tar seg ein liten tur, andre gjespar, ein heiser opp genseren og viser magen, nokre dansar.

Sjølv om alt dette skjer, er det ingenting å sei på krafta i songen - Bæ, bæ lille lam - lyden ber langt av garde.

Til slutt - fortel Marit Høie Hetland frå Bibelen. I dag får dei med seg historia om korleis Isak fekk seg kone.

Så blir dei siste krefter brukt til å

sprinta ned i kjellaren, for der er det kveldsmat å få. Tenk, så heldige!

Tre av dei eldste jentene i koret blir igjen. Dei står rundt pianoet, har kvar sin mikrofon, og øver på litt meir avanserte songar. Denne vesle ekstraøvinga gjer at jentene vert sett og kjenner seg viktige i koret.

Etter god kveldsmat, litt lek og drøs kan dei vaksne ta med kvar sine heim, finna tannkost og pyjamas. Ein innhaldsrik ettermiddag er over for små og store!

Velkommen til alle som ønsker seg ein songglad ettermiddagstime med kveldsmat!

Songen i kyrkja stilnar ikkje enda TT- koret er namnet på ungdomskoret for Bryne, Time, Lye og Undheim.

Nytenking omkring Lye Tweens og



Allegro starta våren 2022. Ein ville prøva å samla ressursane og og gi barn og unge koropplevingar i eit større kor. Koret er for unge frå 5. klasse og oppover.

Så langt er dei fleste kordeltakarane i TT- koret - Tweens og Teens frå Bryne. Men dei to eldsjelene, Ragnhild Hanssen og Tone Vold, er veldig klare på at unge frå Lye, Time og Undheim er svært velkomne! Julekonserten var veldig bevisst lagt til Time kyrkje for å visa at dette ikkje berre er eit Bryne-chor.

Dirigent og pianist som gir omsorg og songglede

Kva betyr song og musikk for deg, Ragnhild?

Det har alltid vore ein stor del av livet mitt frå eg nådde tangentane på trøorgelet heime. Har alltid vore med i kor - kormedlem, pianist eller dirigent.

Song og musikk gir meg glede, oppmuntring og trøyst. Ragnhild hugsar når ho song solo første gong - i 4. eller 5. klasse "Livet er herleg". Ho har òg med seg ei musikkoppleving heilt frå ho var 1,5 år - innlagt på Hagavik Kysthospital. Ein av dei tilsette spela gitar og song "Jeg folder mine hender små" -Eg lærte den songen då!

Tone fortel at ho song før ho kunne snakka. -Eg var med i Minisang som 3-åring, og måtte stå på stol då eg song solo. Tone har alltid sunge i kor. Eg vert òg oppmuntra og trøsta av sang.

Kva vil de gi kordeltakarane?

-Det sosiale er viktig - vi vil gi dei unge tryggleik slik at alle kjenner

seg velkomne og ha det kjekt saman. Kvalitet er viktig for oss - læra dei stemmebruk og ulike genrer og gi dei Jesus, seier Tone

-På sikt ønskjer me å introdusera samtalekort som kan opna opp for å snakka om tema som opptar dei. Til våren blir det tur.

Me ser at jentene trivst med å syngja, nye kjem til, fordi dei har høyrte frå andre at det er så gildt. Alle som vil, får syngja solo. Dei som ikkje torer, kan syngja duett med andre.

Tweens og Teens er no klare for korsong

Ragnhild pianist. Tone dirigent.

-Ta og still opp, seier Ragnhild etter småprat.

-Kjekt å sjå dåke. Godt nyttår!

Ho får ikkje svar, så ho seier det ein gong til - og får svar!

Eit ekstra velkommen til tre nye er viktig.

Gymnastikk for skuldre, nakke og strekkøvingar gjer godt.

- Viktig å stå stødig på begge beina, seier Ragnhild

Taleøving / songøving - lågt, høgt, djupt - og nesten i fistel

-Me må vera bestemt i lydering, får dei høyra.

Ungdommane syng med smil om munnen, godt "trøkk" sjølv om ikkje alle har fått mikrofon enda.

Lydmannen jobbar på spreng med å klargjera 15 mikrofonar!

Koristane tar instruksjonar fort - syng etter Ragnhild - vanskeleg engelske ord kjem som perler på ei snor med snert og presisjon!

Eit raskt mikrofon-kurs - hald han tett inn til munnen. Spente koristar

held i mikrofon - kanskje for første gong - syng av full hals: "Gud du elsker meg og tar meg som jeg er". Så er det tid for andakt. I kveld er tema "Ein god venn".

Så er det klart for bingo - alltid like populær pauseaktivitet. Leiken skapar smil og smittande latter.

Olaug, Filippa og Hedda har alle sunge i kor før. Hedda var med i Lye barnegospel. Her fortel dei kvifor dei er med i koret.

Olaug - Det er kjekt å syngja og så er det så gildt å vera mange.

Hedda, føyer til - Eg likar fellesskapet, vil møta mange. Eg vil læra å syngja og læra nye songar Filippa vil møta andre og syngja. - Eg vil helst at det skal vera kor kvar veke.

Dei to andre jentene er heilt einige.

Så langt er gutane berre med på Lydsida. Jentene seier at gutane må koma - det er så kjekt!

Kva drøymer de om for koret?

-at me skal ha ny konsert

-at me skal syngja me kjendis

Kva kjendis tenkjer de på?

-Mari Bølla

-Hilde Selvikvåg

Dei unge har klare draumar!

Håpar dei får leva ut nokre av draumane sine!

Korleiarane i TT-koret opplever at dei gir kvarandre energi og utfyller kvarandre. Dei er klare til å gi dei unge songarane både meistring og utfordring i trygge omgivelser.

Takk til store og små som lar songen lyda høgt og friskt i kyrkja!



Kyrkjemiddag i Brynekyrkja

Lyden av glade stemmer møter oss då me stikk innom Bryne kyrkje ein fredag ettermiddag. Rundt borda i kyrkjesalen er det fullt av vaksne og barn som kosar seg og et middag i lag.

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Lyden av glade stemmer møter oss då me stikk innom Bryne kyrkje ein fredag ettermiddag. Rundt borda i kyrkjesalen er det fullt av vaksne og barn som kosar seg og et middag i lag. Menyen er taco, det ser ut til å falla i smak hos dei fleste. Eit frivillig middagsteam er i full sving på kjøkkenet, dei gjer ein viktig innsats. Diakon Marit Høie Hetland er ein av fleire som er i aktivitet med å sørgja for at alle får det dei treng, og me får teke henne til sides for å spørja litt. Marit fortel at her serverer ein rett og slett tacomiddag for store og små. Det er først og fremst tenkt som eit tilbod for småbarnsfamiliar, som eit lite pusterom i ein travel kvardag. Det heile startar klokka 17.00, så folk kan koma rett frå jobb og få ferdig middag. Kor mange som kjem varierer. Første gongen var det rundt 30, så har talet auka for kvar gong til over 70 med smått og stort. Ein

ser at nye familiar kjem til, her er det lett be andre med seg. Mange av dei som er med på kyrkjemiddag er alt med i ulike andre ativitestar i kyrkja, men slett ikkje alle.

Arrangementet blir lagt ut på Brynekyrkja si heimeside, og på Facebook i passeleg tid i forkant. Slik kan folk melde seg på. Det er greit for dei som lagar til å ha ein viss peiling på kor mykje mat dei skal ha klar. Måltidet er gratis for heile familien, så her kan alle vera med. Dersom ein likevel vil støtta litt økonomisk, kan ein melde eitt av barna sine på som medlem i kyrkjemiddag for kr 50,- pr år.

Opplegget er enkelt, og likt kvar gong. Når alle har fått ete seg gode og mette, er det ein liten andakt eller ei songstund før blir barna med på ein hobbyaktivitet. Denne aktiviteten er leia av nokre vaksne hjelparar. Imens får foreldra ein kaffikopp, og tid til å prata med kvarandre. Her ligg det godt til rette for å knyta nye



Fargar i flyt.



Frå venstre: Grete Sæther Kallestad, Inger Lise R. Stokka og Torunn Undheim

kontaktar dersom ein ikkje kjenner så mange enno. Denne kvelden er det mange i aktivitet for å få det heile til å sviva. Me lurar på om det trengs fleire hjelpande hender? Svaret er eit smilande ja, jo fleire ein er, dess lettare går arbeidet unna. Om nokon vil, er det berre å melde seg til kyrkjekontoret for å vera med, anten ein likar best å kutta opp grønsaker, eller hjelpa barna med lim og saks! Her ønskjer ein å ha ein uforpliktande, koseleg fredagskveld med låg terskel, der det er lett å be med naboen. Etter det me ser denne kvelden er trivselen høg, og praten og smila sit laust.

Det blir laga til to kyrkjemiddagar kvart semester, den neste er 14.april.



Taco er godt!



Stolte kunstnarar.



Tacomåltidet er servert.



Tone Vold har ein kort andakt og syng med borna.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj i saman. Me startar opp nye grupper i januar.

Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage, annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest annankvar onsdag kl. 10.30 i kyrkjesalen.

Påmelding via link eller QR-kode:
<https://app.checkin.no/event/51551/babysong>

Småbarnstrall 1-3 år

Me har starta opp med eit nytt song- og musikk-tilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time-kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Kl. 16.30-17.00

Påmelding i link eller via QR_kode:
<https://app.checkin.no/event/51958/smC3/A5barnstrall>

Vårens datoar:

1. februar
8. mars

12. april
10. mai



Dåpsskule 1. klasse

I mars vert førsteklassingane inviterte til «Dåpsskule». Me skal ha to samlingar etter skuletid/ på ettermiddagen, og så avsluttar me med ei helg der me er saman på laurdag føremiddag og deltek på gudstenesta søndagen. Me skal læra om Jesus, om venskap og tilgjeving, og om påsken. På laurdagen får alle kvar si bok «Tre i eit tre», om tre vener som har ein hemmeleg klubb i eit tre. På sundagen under gudstenesta får borna vera med på eit skodespel som handlar om

påskeforteljinga. Dette skal me øva på når me er saman på laurdagen.

Datoar for dåpsskule:

(Meld dykk på der det passar best for dykk)
Undheim kyrkje: 9. mars, 16. mars, 18. mars og 19. mars.
Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus/ Time kyrkje: 15. mars, 22. mars, 25. mars og 26. mars.

Påmelding via link, eller QR-kode:
<https://app.checkin.no/event/52785/d/C3/A5psskule>



Gudsteneste med påskedrama – 4.klasse

Palmesøndag er alle 4. klassingar i Time sokn inviterte til å vere med og lage gudsteneste med påskedrama på Lye forsamlingshus. Gjennom denne gudstenesta vil me oppleve dei ulike dagane i påskeforteljinga.

Lye barnegospel deltek også. Me ønsker store og små velkomne til gudstenesta!

Lye forsamlingshus: Øving 1. april kl. 11-13 og gudsteneste 2. april kl. 10.30.

Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnet

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.



Kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Her er ei oversikt over årshjulet til trusopplæringa i kyrkjene våre. Dette vert borna inviterte til:

0 år	Dåp og dåpssamtale
0-1 år	Babysong
1 år	Småbarnstrall, felles i Time kyrkje
2 år	Haustrakkefest med utdeling songkort, berre på Undheim
2 år	Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av songkort
3 år	Krøllekveld
4 år	4 års klubb og utdeling av Barnebibel
5 år	Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje
5 år	Adventsklubb
6 år	Barnas påske og Orgelknappen Barnefamiljar – Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje

1. klasse	Dåpsskule og Barnas påske
2. klasse	Pinsefart
2. klasse	Plan B - aktivitetsdag
3. klasse	Tårnagenthelg
4. klasse	På sporet av Jesus
5. klasse	Tweens-Kick-off
6. klasse	Lys vaken
9-13 år	9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse	Konfirmasjon

Med Kirkens Nødhjelp til Tanzania

I oktober fekk eg vera med Kirkens Nødhjelp på mobiliseringsreise til Tanzania. Det var ei reise som har sett spor.

TEKST: INGFRID TIME NÆRLAND
FOTO: KNUT ANDERS SØRUM

Mange har høyrte om og kanskje sett bilete og film frå hjelpearbeid, men det er noko anna å sjå og oppleve sjølv. Ting me ser på som sjølvst, til dømes reint vatn, er ikkje det. Me har så utruleg mykje å vera takknemlige for. Reisefølgjet vårt på 15 personar frå Norge, besøkte prosjekt og arbeid som Kirkens Nødhjelp (KN) er involvert i, i lag med lokalt tilsette i KN. Mykje handla om å skaffa folk reint drikkevatt, men også hjelp til dyrking av grønsaker ved hjelp av mikrovatning. Reint vatn forandrar enkeltliv, og heile samfunn. Dette fekk me sjå med egne øye. På besøk i Hanang-distriktet besøkte me ein landsby. Denne landsbyen hadde vorte totalt endra etter at brønn og vannpumpe hadde vorte bygd, finansiert med pengar frå TV-aksjonen i 2014. Brønnen var 95 meter djup, og gav reint vatn til eit stort område. Vannpumpa blir



Midt i agurkåkeren, Ingrid og Goodluck, KN-medarbeidar i Tanzania.
Foto: Siri Aarsland

driven av solceller, slik at det ikkje er nødvendig å pumpa for hand, det er bare å opna vannkranen. Vannpumpa er for både folk og fe. Gjetarane kjem med dyreflokkane og lar dei drikka, og folk hentar og fraktar vatn på mange slags vis, til dømes på sykkel eller oksekjerre. Dei betalar ein liten sum for vatnet. Vannpumpa vert passa på av personar i vannkomiteen. Dei som fyller opp kannene og bøttene, har ansvar for betaling og vedlikehald. Pengane som vert betalte går nettopp til vedlikehald. Pumpehuset var inngjerda, og er låst om natta. Vatn er dyrebart. Me besøkte to skular i området. Her møtte me Zedrack på barneskulen og Deodata på ungdomsskulen. Begge er med i årets kampanje for Fasteaksjonen. Barneskulen hadde 625 elevar og 10 lærarar. Det var ikkje vanskeleg å forstå at dei ønska seg fleire lærarar. Me fekk høyra om kva positive ringverknader reint vatn hadde ført til. Det var stor auke i skuledeltaking, nærare 98%, ungane kunne ha reine klede, stilla i rein skuleuniform, det var muleg å vaska skulen, det var mindre sjukdom, færre konflikter i heimane og dei kunne laga mat på skulen. I tillegg kunne dei dyrka grønsaker, og slik tena litt pengar. Me kunne sjå at ein del hus hadde vore oppgraderte, dvs. bølgeblekk på taket. Dei ønska seg ein brønn og vannpumpe til nabolandsbyen også. Befolkninga hadde auka, det var større press på vatnet og det var i overkant mange



Reisefølgjet framføre Haydom sjukehus

ungar på skulen. Men, sjølv om pultane var slike som vart utrangerte i Norge på 50-talet, var ungane både blide og stolte. KN samarbeider med mange kyrkjer, trussamfunn og religiøse leiarar. Det var interessant å få vera med på dialogmøte med fleire av desse. Møta var prega av gjensidig respekt og ein god dose humor. Dette samarbeidet ligg i botn for at veldig mykje av prosjekta skal lukkast. Heile samfunnet er med, frå lokalt til regionalt og nasjonalt. KN støttar blant anna opplæring og sertifisering av deltakarar og partnarar. Slik at dei saman kan bidra på ulike arena i lokalsamfunnet, blant anna som ei form for konfliktråd. Mange av prosjekta er drivne av både kvinner og menn, og på fleire av prosjekta er kvinnene i førarsetet. At kvinnene får moglegheiter gjennom prosjekta, er med på å gjera samfunnet betre og familiane får betre økonomi. Saman hjelper dei kvarandre. Tanzanias jord var stort sett tørr og rødbrun, men nokre stader dukka det opp grøne flekker. Dei fleste av desse var grønsakhagar. KN har utvikla eit dryppvatningssystem som bønder kan kjøpa for bare fire dollar. Desse

fekk me studera på heilt nært hald fleire stader. Vatningssystemet gjer det muleg å dyrka på ein mykje betre måte enn tidlegare. Dei kan få fleire og større avlingar i året, noko som gir familien grønsaker, men dei kan også selja overskotet. Slik kan dette bidra til eit betre liv, utav fattigdommen. Me besøkte også Haydom sjukehus. Det var langt uti huttiheiti, etter våre begrep. Dei siste mila var vegen var av ein slik standard at me lurte på om minibussen verkeleg kunne tola dette. Det var mest som å kjøra på ein anleggsveg, men så var det hovudvegen til sjukehuset. Me hadde med oss fleire koffertar med strikk til fortidleg-fødde, og desse var tekne i mot med stor takk. Sjukehusdirektøren, frå Tanzania, viste oss rundt på sjukehuset, inkludert eit blick inn på nyføddeavdelinga der me såg korleis strikkevossane blir brukte. Me var mektig imponerte over å sjå alt det omfattande arbeidet som blir gjort der, og i området rundt. Det er ikkje så lenge til årets Fasteaksjon 28. mars. Då er tema Håp i ein drope vatn. Det kan me som besøkte Tanzania skriva under på at det er – Håp i ein drope vatn.



Zedrack har fått bilete av seg sjølv. Dei er del av årets kampanje til Fasteaksjonen



Vatn har gitt denne kvinna muligheten til å dyrka eigen grønsaker.
Foto: Ingrid Time Nærland



FASTAKSJONEN 26.-28. MARS 2023
Støtta frå deg reddar liv. Eit håp kan byrje med ein drope vatn og gje ei framtid utan svolt, fattigdom, sjukdom og konflikt. Ver med i årets fasteaksjon og gjer ein forskjell for dei som treng det aller mest.

Vipps til 2426
www.fasteaksjonen.no



Bøn 1

MEDAN VI LEITAR

Å Kristus,
medan vi framleis leitar etter deg,
har du alt funne oss.
Same kor fattig vår bøn er,
høyrer du oss betre enn vi kan
tenkja oss eller tru.

STEVNEMØTE
MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE MARIE BUE
NOS NR. 119

"Hjelp meg Herre Krist å strida i di kraft den gode strid."

Det er Anders Hovden som har gitt oss denne mektige salmen som bare har to vers. I 1939 skreiv han fylgjande: "Salmar og salmetonar hev havt i sterk dragande magt på meg, og det alt frå barneår av. Det hev lege som ein undertone i min hug all min dag. Det var det einaste av" litteratur" heime. For dei første skillingane eg tente, kjøpte eg meg ei salmebok". I Vårt Land kunne me nyleg lesa eit råd frå den nye biskopen til Hamar, Ole Kristian Bonden. Me skulle bruka og lesa meir i salmeboka.

Denne boka gir fylldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de sist i salmeboka.



"Salmeboka er tolka teologi, og om ikkje alle, så har mange salmar eit språk som me lett kan kjenne att", seier han.

I "Stevnemøte med Salmeboka " har Vidar Kristensen eit sitat frå Hovden: "Eg har ikkje ikkje skrive ein einaste salme utan at eg har kjent det brenna i meg". Og vidare skriv Kristensen: Slik har det kanskje vært da Hovden skrev salmen "Hjelp meg Herre Krist å strida, i di kraft den gode strid ". Drømmen hans er at han ved enden av livsveien kan si det samme som Paulus skrev i det andre brevet til Timoteus:" Jeg har stridd den gode strid, fullført løpet og bevart troen. Nå ligger rettferdighetens seierkrans klar for meg".

Hjelp meg, Herre Krist, å strida i di kraft den gode strid,
fylg meg alltid ved mi sida, fylg meg all mi levetid!
Svimrande ved syndedjupi viljeveik eg falla kan,
Herre, lei meg langs med stupi med di sterke frelsarhand!

Å, kor sælt om eg kan svara når til siste kveld det lid
og or verdi eg skal fara: "Eg har stridd den gode strid,
trui har eg halde herdig, vel fullenda livsens ferd,
rettferdskransen no ligg ferdig for meg i ei betre verd!"



Nr. 9

OKTOBER 1973

5. årg.

STRESS

Den kjende lækjaren Einar Lundby sa i ein samtale med «Vårt Land» på spørsmål om kva stress er:

— Når me ikkje oppnår den fulle harmoni mellom det me gjer og det me ynskjer å gjera, får me stress. Me må med andre ord ikkje gapa over meir enn me er etla til og akta oss vel for jåleskap. Slik last kan diverre også syna seg i kristen regi. Mang ei sut har si rot i æresykje. Eg vil gjerne understreka at eg her ikkje talar om dei som er inne i ein verkeleg depresjon. Dei kan ikkje styra tankane sine og bør etter mi meining takast ut av sitt vanlege arbeid i minst tre veker for å sjå stoda i perspektiv.

Ein kan ikkje røma frå «kjøtet» sitt om ein har vorte ein kristen. Tvertom er det då ein for alvor merker det så framt ein prøver å taka kampen opp imot det. Mindreverdskompleks som søker kompensasjon er heller ikkje mindre akutte for ein kristen enn for andre.

Men eg vil minna om den stille stund. I den får me oppleva ein dialog leidd av Gud dersom me

gjev Han tid. Den stille stund har ein fantastisk verdi både fysisk og psykisk. Den indre ferd smittar over på kroppen. Mitt råd til alle stressa menneske må difor vera: Søk den stille stund saman med Gud. Eg lyt minna om at dess meir Luther hadde å gjera, dess meir tid sette han av til bøn.

Dr Lundby vart så spurd om lækjing ved bøn.

— Ja, for det har eg då sett mange døme på. Eg har ikkje sjølv den nådegåva, slik mange trur, men alle har me lov å gå bønevegen. Det hender at folk kjem og seier at dei har fått tru for å verta lækte. Då må eg ofte spørje om dei er visse på at det er tru og ikkje berre ynske. Eg har sett så mange streva med å prestera «tru», og mange har reist vonbrotne heim.

— Trur De at det kjem noko vårver over norsk kristenliv slik som De opplevde det i Dykkar ungdom.

— Eg trur plent at noko held på å bryta fram. Me må berre ikkje gjera den feilen å pressa det nye inn i gamle mønster. Me i Oxford vart i vår tid møtte med sterk mistillit, men det hende då vitterleg at både prestar og andre vart oppattnya. Mi røynsle er at det i våre dagar er ein stor trong for opne samtalar om evige spørsmål.

Då eg var med på å stifta Kristen lækjarforening var me ti stykke. No er me langt fleire berre rundt Mjøsa, og med dei kristne medisinske studentane er me no omkring 500 i alt her i landet.

Kjærleiken kan bøya seg djupt og tena i det ringaste, og likevel er han ein konge som alle må ha vyrdnad for.

Peter Hognestad.

Soknerådsvæl

I år er det soknerådsvæl over heile landet. Soknerådsvælet for Time er fastsett til søndag den 2. desember. Det vert då gudstenesta både i Time kyrkje og Undheim kapell. Og soknerådsvælet vert då halde straks gudstenesta er slutt.

Forfattaren av dette stykket frå Helgedagen 1973, Peter Hognestad, fekk etterkvart ei gate på Bryne oppkalt etter seg. Sjå artikkelen om Biskop Hognestads gate i dette nummeret av Helgedagen.



Gunleiv Edland og Andreas Egeland

Kyrkjeringane på Bryne

Helgedagen ønskjer å trekkja fram kyrkjeringane på Bryne og den innsatsen dei gjorde i etableringa av Brynekyrkja og arbeidet i kyrkjelyden. Dette vil me gjera gjennom fleire nummer utover vinteren og våren.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD
FOTO: ANDOR SANDSMARK

Det hadde i mange år vore arbeidd for å byggja kyrkje på Bryne. Faktisk kan ein i reguleringsplanen for kommunen så tidleg som i 1927, sjå at det var avsett kyrkjetomt på toppen av Brynehaugen. Men det skulle gå mange tiår, uendelege diskusjonar og tomtealternativ, før ein kom fram til endeleg vedtak i kommunestyret i 1973. Men lenge før vedtaket i kommunestyret, hadde Margot Lygren og Einar Meling i mars 1964 teke initiativet til den første kyrkjeringen på Bryne. Den

vart kalla Skibevaagringen og hadde som formål å samla inn pengar til ny kyrkje på Bryne.

- Etterkvart kom det til fleire kyrkjeringar:
- Sagatunringen i april 1964
 - Nyland 1 i 1965
 - Brynehaugringen i 1968
 - Nyland 2 i 1971
 - Herigstadringen i 1972
 - Rosselandsringen i 1977
 - Austbøringen i 1979

Kyrkjeringane arbeidde godt i saman og etablerte etter kvart

eit felles styre. Utover i 60- og 70- åra vart kyrkjeringane viktige pådrivarar i prosessen med å få reist ei arbeidskyrkje på Bryne. På eit møte som kyrkjeringane arrangerte i kommunestyresalen i mars 1975, vart det sett ned eit aksjonsutval med Erna Stabel som leiar. Utvalet fekk eit tydeleg mandat i tre punkt:

- verka som pressgruppe for å få kyrkja inn på lista over prioriterte oppgåver i kommunen
- setja opp eit aktivitetsprogram med tanke på å få i gang Bryne kyrkjelyd



Kyrkjeringsmøte: Erna & Jørgen Stabel, Oddvar Steinnes, Olav & Olaug Alsåker og Torbjørn Oveland



Første julemessa på Rådhuset.

- stå for innsamling av pengar til kyrkjelyden sin del av kyrkjebygget.

Aksjonsnemnda sette ned tre underutval: ei finansnemnd leia av Arthur Løvik, ei PR-nemnd leia av Kjell Bjørsvik og eit dugnadsutval der Oddvar Steinnes var leiar. Hausten 1975 planla ein å starta opp med gudstenester på Time ungdomsskule, og det var godt frammøte då den første gudstenesta i Bryne kyrkjelyd gjekk av stabelen 12. oktober 1975. No var det mange som kjende på at det store målet nærma seg, nytt kyrkjebygg på Bryne.

Julemessene var eit nytt tiltak som kyrkjeringane stod bak. Her var mange engasjerte, både kvinner og menn. Stor var spenninga då den første messa vart arrangert i 1977. Mykje folk var samla, god stemning og godt sal. Dette var noko nytt og spanande!

Seinare har det vore årlege messer til inntekt for kyrkjebygget og arbeidet i kyrkjelyden. Messene på 70 talet vart haldne i kommunestyresalen, og dei første åra var det ordførar Børge Undheim som stod for opninga.


I kommunestyreprotokollen frå 21.6.77 kan ein lesa fylgjande:

«Time kommune er inneforstått

med at kirkeprosjektet settes i gang med en kostnadsramme på kr. 5.730.000 under følgende forutsetninger: Kirkeringene stiller med et beløp på kr. 600.000 + inntjening ved dugnadsarbeid på kr.300.000».

Gjennom arbeidet med julemessene vart noko av grunnlaget lagt for den kapitalen som kyrkjelyden skulle

betala inn som sin del av bygget. Kyrkjeringane på Bryne var på ulike måtar med på å bidra betydeleg til det som seinare skulle verta Bryne arbeidskyrkje og Bryne kyrkjelyd, både gjennom å øva press på kommunen og politikarane før vedtaket om bygging vart fatta, og seinare ved pengane dei samla inn og gjennom dugnadsarbeidet dei utførte.



Arbeid i kyrkjetomta: Asbjørn og John Siqveland, Jone Ueland og Hans Ree.

Grønare matlaging

I september var me ein liten gjeng som møttest i kyrkja og laga plantebasert fire rettars middag i lag. Det vart ein veldig triveleg kveld, og maten vart fantastisk god.

TEKST: HILDE HANEVIK OG HEIDI STRAND HARBOE

Ein av dei tinga me blir utfordra på i prosessen med å leva meir berekraftig er anbefalingane om å eta mindre kjøt. Mange av oss har erfart at middagsrettar utan kjøt ikkje treng å stå tilbake for det me tradisjonelt har hatt på bordet. Det å gå over til meir plantebasert matlaging har med vanar å gjera, men det er og slik at me kanskje treng gode idear og gode oppskrifter for å bli meir inspirerte til å prøva det ut sjølve.

Nå inviterer me i utval for grøn kyrkjelyd til ein ny matlagingskveld **14.mars klokka 17.00** i kjellaren i Bryne kyrkje. Hilde som har ein del erfaring med å koka vegetarisk, vil finna oppskrifter og inspirera oss

i prosessen. Etter at me har laga maten, koser me oss med eit felles måltid før me vaskar opp.

Inspirasjonskvelden/ kurset er i utgangspunktet gratis, men me spleiser på råvarene. Dette er ein ettermiddag/ kveld som er open for alle, og som me håpar at mange har lyst til å vera med på.

Påmeldinga er via kyrkjekontoret eller til Hilde eller Heidi.

På grunn av plass, må me setja eit tak på kor mange me kan vera. Her gjeld prinsippet om første mann til mølla/ påmeldinga.

KVELDSGUDSTENESTER

Bryne kyrkje | Våren 2023

Alle gudstenester startar kl. 19

Sannferdig tru!

FOTO: kirken.no

Korleis snakkar vi sant om livet? Om tru? Om Gud? Om det som skjer i verda? Kven og kva kan vi stola på? Ikkje alle ønskjer, eller får til, å snakka sant. Veggene i ekkokammera vert for tjukke. Konspirasjonar får breia seg. I krig og kultur-konfliktar er sanninga første tapar. Informasjons-tilgangen er så stor at det er lett å velja smale perspektiv framfor vidsyn, det falske framfor det

ekte. Livet kan møta oss med så djup personleg smerte at tru og gudsbilde kjem i hard klemme. Våren sin kveldsgudsteneste har sannferdig tru som tema. Ærleg språk om livet og tru og Gud. Fleire av kveldane går på media si rolle i å få fram det som er sant. Alle prøver å gje noko frå Bibelen som ærleg tru kan byggja på.

Slik er programmet:

29.januar:
Media som motstemme mot det usanne
Astrid Dalehaug Norheim, journalist og redaktør
Gitar og orgel v/ Bjør Böhne og Per Olav Egeland

5.mars:
Gud i lidelsen - når gudsbildet brest
Kjell Aanensen
Musikk: Kammerkoret Con Brio

19.mars:
Sant og usunt om tru på nettet
Anne Solfrid Brennhovd i Damaris Norge
Musikk: Lovsangsteam i UngFokus

23.april:
Sann tru når livet brest
Vidar Mæland Bakke i Bymenigheten
Gospelkoret Abraham

21.mai:
Truverdige Jesusvitne
Inge Takle Mæstad i Kirkens Bymisjon
Musikk: Jarle Obrestad

Velkommen til kveldsgudstenester med føredrag, god musikk, nattverd og bønnevandring

- Stein Ødegård -



TRYGGHEIM FORUS

SKOLER

- ☐ Barne- og ungdomsskole
- ☐ 1.-7. trinn
- ☐ 8.-10. trinn
- ☐ Videregående skole
- ☐ Studiespesialisering
- ☐ Salg, service og reiseliv
- ☐ Teknologi- og industrifag
- ☐ Industri teknologi vg2
- ☐ Idrettsfag
- ☐ Påbygg



NYE LINJER FRA HØSTEN 2023!



KUN 7 MINUTTER MED BUSS FRA RUTEN!



Misjonssambandet skoler

tryggheimforus.no

Prinsens vei 3
4315 Sandnes

Kvinnernes internasjonale bønnedag

Fredag 3.mars kan me igjen samlast til Kvinnernes Internasjonale Bønnedag. Me skriv 2023, og det er 136 år sidan dei første kvinnene i Amerika organiserte bøn for immigrantene som strevde i nytt land.

TEKST: ELSE-MARIE BUE

I dag er det stort å vita at Bønedagen er eit faktum i 170 land, statar med ulik historie og politiske tilhøve. I slutten av 1920 vart også Norge ein del av denne bønelenka.

Temaet dette året er:


"JEG HAR HØRT OM DERES TRO",
Ef 1. 15 – 19.

Programmet me får i hendene er produsert av kvinner på Taiwan, og er prega av deira liv og kvardag. Hos dei gryr dagen omlag 7 timar før norsk tid. I alle desse timane om skil oss har kvinner i mange land, og under ulike kår, vore samla om same program. Når me går til ro held kvinner med andre tungemål fram med å be i mange, mange timar. Ja, heilt fram til ein ny dag renn ved datolinja i Stillehavet.

Det er høg himmel, kristent felleskap og perspektiv over Kvinnernes Internasjonale Bønnedag!

Der inntar me vår plass.

Velkommen !



Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no



BLIFADDER!

www.blifadder.no

22 94 26 00 misjonsalliansen

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEX butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumper av stearinlys.

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.
Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00

Nytt misjonsprosjekt for Det norske misjonsselskap (NMS)

Bryne sokneråd har gått inn for å fortsette med et av misjonsprosjekta for Det norske misjonsselskap. I denne prosjektperioden vil vi støtte prosjekt på Madagaskar. Da støtter vi blant annet: Blinde og døve på Madagaskar.

TEKST: HELGA JOHANNESSEN

Mange barn på Madagaskar mister syn og hørsel på grunn av barnesykdommer. Derfor har befolkningen en høyere prosentandel blinde og døve enn det vi har i Norge. Det finnes omtrent 200 000 døve og 230 000 blinde på Madagaskar. Madagaskar har opplevd tilbakegang på mange områder de siste ti årene. Blant annet har andelen barn som går på skole sunket fra nesten 100 % til bare 65%. Halvparten av barna som vokser opp på

Madagaskar i dag er underernærte. Midt i denne krevende situasjonen fortsetter kirken på Madagaskar sitt verdifulle arbeid med å gi utdanning til døve og blinde. Sju skoler for døve barn og ungdommer og fire skoler for blinde gir håpet om en framtid tilbake til de tusen elevene som er så heldige å få plass der. Spesielt i blindearbeidet jobbes det også aktivt med å integrere synshemmede elever i vanlig skole.



Opptrening i blindeskrift på blindeskolen i Antsirabe. Foto: Verena Fuglestad

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli bedre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Biskop Hognestads gate


Lesarane av «Helgedagen» har nok mang ein gong sunge med i dei vakre salmane «Fager kveldsol smiler», «Leid, milde ljøs» og «Det hev ei rosa sprunge». Men kanskje ikkje alle veit at tekstane er gjendikta frå andre språk av ein timebu.

Peter Hognestad (1866-1931) frå Hognestad viste tidleg uvanleg gode evner og språkkunnskapar. Han reiste til Kristiania for å studera til prest, og i 1891 tok han teologisk embetseksamen. Deretter var han mellom anna styrar ved Notodden lærerskole, bygdeungdomsprest i Kristiania og lærar i Det gamle testamentet ved Menighetsfakultetet.

I 1916 vart han utnemnd til biskop i Bjørgvin. Han var den første biskopen som nytta nynorsk i tenesta, og det fall ikkje i god jord hos alle bergensarar. Men Hognestad heldt på språket sitt, og gjorde ein stor innsats for nynorsk kyrkjemål. Han var hovudredaktør for den første nynorske bibelen, og fekk laga salmebok, tekstbok og altarbok på nynorsk.

Peter Hognestad var ganske konservativ i teologien, og kom opp i skarpe diskusjonar med Arne Garborg. Dei to timebuane hadde likevel stor respekt for kvarandre, trass i ulikt syn på kristendommen.

Ein biografi om Peter Hognestad, skriven av Per Halse, vart utgitt på Samlaget i 2016.



Peter Hognestad var biskop i Bjørgvin i 15 år, han var ein markant teolog og ein sterk forkjempar for nynorsk kyrkjemål. (Fotograf ukjend)



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)





Velkommen til sundagstreff

i Bryne kyrkje våren 2023

Program:

Ringleik & allsong
+ kaffi & drøs i kyrkjestova kl. 18.00:
Gudsteneste i kyrkjesalen kl. 19.00

**Datoar for våren, merk dei av
på kalenderen din:**

Sundag 15. januar	kl. 18.00
Sundag 19. februar	kl. 18.00
Tysdag 7. mars	kl. 17.00 - 18.30
Gudsteneste - verkstad	
Sundag 12. mars	kl. 11.00
Gudsteneste med Bankers «Livsgledefestival»	
Sundag 16. april	kl. 18:00

11. mai blir det grillfest!

Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

Ser deg i kyrkja!

Helsing frå
Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes



Innvandrertreff

Her kan du komme, få nye venner og oppleve et mangfold av kulturer, samtidig med at du får øve deg på å snakke norsk.

Velkommen til Innvandrertreff

Bryne kyrkje; Brynevegen 9, 4340 Bryne

Hver tirsdag Kl. 19:30–21:00

Datoer for våren 2023

- 10., 17., 24. og 31. januar
- 7., 14., 21. og 28. februar
- 7., 14., 21. og 28. mars
- 4., 11., 18. og 25. april
- 2., 13., 23. og 30. mai
(NB! Det blir grillfest den 30. mai)

NB! Er du nysgjerrig og vil vite mer?
Send en SMS til diakon Maria Praxedes
Slettebø på mobil: 98028690



FRED I VÅR TID

**Kulturkveld i Bryne kyrkje
tysdag 21.mars kl.19**

Føredrag ved Trond Bakkevig:
«Fred i vår tid»

- Allsong, korsong og musikk
v/ Blandakoret Jærklang
og kulturskuleelevar
- Matsservering

«Å halda fred med kvarandre»
Gode stubbar og ettertanke
v/Stein Ødegård

Inngangspengar: Kr.150,-

Arrangør:
Time historielag og
Bryne sokneråd



KVINNENES INTERNASJONALE BØNNEDAG 2023

FREDAG 3. MARS 2023

Fotland bedehus kl 14.00
Andakt - Pastor Livia
Musikk - Kari N. Ree

Bryne frikyrkje kl 19.00
Andakt - Margit Hunemo
Musikk - Elin Underhaug Kanu



LIVSGLEDEDØGNET – EKTE LIVSGLEDE?

Lørdag 11.mars kl 11.00-14.00 i Brynekyrkja

Kom, sit ned i kyrkjesalen, og sjå ein 10-15 min. sekvens på storskjerm. Kan du finna den skjulte «gledes-skatten»? I kyrkjekjellaren kan du uansett etterpå løysna på tungebandet med gratis kaffi, vafler og «radl».

Velkommen!

DET SKJER I TIME



**Fredagskveld på Kyrkjetorget
Time kyrkje**

12.mai kl. 20-22

**Kveldens gjest:
Willy Finnbakk**

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet. Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomiteén

Søndagsskulen i Time kyrkje



Bli med på søndagsskule i Time kyrkje! Gudstenesta byrjar kl. 11, og barna går til søndagsskulen før talen. Dei kan ha med seg vaksne om dei vil. Barna får klistre sitt eige klister på den store søndagsskuleplakaten. Me syng i lag, høyrer ei bibelfortelling, leikar og får noko å bita i. Kom og bli med!

23. april
21. mai

VÅRFEST

for alle +/- 60

Lye forsamlingshus - søndag 19. mars kl.15.00

Kåseri, andakt, allsong, god mat og drøs

VELKOMEN!

Arrangør: Time diakoniutval



DEN NORSKE KYRKJA



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



**Vil du ha Misjonstidende (MT)
gratis i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490
eller ring oss på 51 51 61 00.

TEKST: ROLF HESKESTAD.
FOTO: HARALD LYGREN

STILLITS

-Sjå, kor flotte fargar eg har!
Det er nok ikkje mange lesarar av Helgedagen som har fått sjå denne vakre fuglen. Har du først sett den fargeglade stillitsen, så gløymer du det ikkje!
I Norge hekkar fuglen for det meste på Austlandet, men det er òg funne reir på Jæren. Sjansen for å få sett fuglen her hjå oss er størst om vinteren. Då streifar han i småflokkar på leiting etter frø - gjerne frø frå tistlar og høymoler. Fuglane har sine favorittar på matsetelen, akkurat som folk! Byr du fram frøblanding på føringsplassen aukar sjansane for å få besøk av stillitsen.
Det merkelege namnet har han fått på grunn av lokketonane som lyder omtrent slik: "stigelitt". Stillitsen høyrer til i finkefamilien - same familie som t.d. pilfink, grønfink og gråsporv. Karakteristisk for desse fuglane er det kraftige nebbet som er



spesialkonstruert for å lirka ut frø og eta dei. Reiret bygger dei oftast i eit høgt tre - gjerne i ei greinkløft langt frå stamma. Dei legg 4-6 egg, og ungane forlet reiret 4 veker etter egglegginga.

Hjernetrim

HelgeKryssord 1/23


LAGA AV: GABRIEL TENGSAEID

Vassrett

- 1. Jesu svar til dei skriftlærde og farisearane (Joh. 8)
- 13. Bråk
- 14. Uvisse
- 16. Uteljande
- 18. Grunne
- 22. Renn (imp.)
- 23. Hiv
- 25. Husgerådet
- 26. Nummer
- 27. Dokument
- 30. Komposisjon for åtte soloinstrumenter
- 31. Pronomen
- 32. Like vokalar
- 33. Insekt
- 34. Mengd
- 35. Pronomen
- 36. Fisk
- 39. Avløpsrøyr
- 40. Inviterte
- 41. Isolere
- 42. Interj. (lydord) brukt til å syngje melodi på
- 44. Norsk kyrkje i utlandet

Loddrett

- 1. Ikkje eg
- 2. Røyner
- 3. På dette tidspunktet
- 4. Ikkje på
- 5. Biografi
- 6. Pronomen
- 7. Lengst ute
- 8. Person tilsett i kyrkja
- 9. Etter vask
- 10. Muskuløs
- 11. Russisk elv
- 12. Tidsrom
- 14. Rundmakk
- 15. Forlenge livet
- 17. Demning
- 19. Hoggereiskap
- 20. Hende
- 21. Artikkel
- 24. Prøva
- 28. Setja til livs
- 29. Heil
- 30. Lyrisk dikt
- 33. Dyktigaste
- 37. Lynåtak
- 38. Likt begge vegar
- 40. Grend
- 43. Studer
- 45. JavaScript
- 46. Motorkuttar
- 47. Ukjent person
- 48. Natrium (kjemisk teikn)
- 49. Nasjonalt kjennetegn på kjøretøy i Slovakia
- 50. Radon (kjemisk teikn)




Løysing Helgedagen kryssord - 5/22



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for? Oppgåver.

Har du høyrte om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.


Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli






DØYPTE

BRYNE KYRKJE
13.11.2022 Andreas Bryne Skjæveland
04.12.2022 Elias Gjengedal Høiby
Eivind Jasmin Martinsen
08.01.2023 Kari Nese

TIME KYRKJE
25.09.2022 Jesper Skimmeland - ved
ein feil ikkje med i førre HD
19.11.2022 Selina Bakken
Lukas Bockman
Emilia Holen
Åsa Fisketjøn
Brian Andersen Lokøy
20.11.2022 Ariel Kvitrud-Hommeland
Julian Mygland Håland
Lykke Løvdahl Lygren
15.01.2023 Olai Stangborli
Matheo Helliesen Ueland
Kamilla Ødegård
Ingrid Serigstad
28.01.2023 Vincent Flornes
Maren Lonsdale Undheim
Aleksander Sørvåg Byberg
Helle Barvik
Oliver Skretting-Øyen

UNDHEIM KYRKJE
30.10.22 Hermine Mikkelsen
Silje Topdal
Sigve Undheim
Eyra Øvstebø
22.01.2022 Else Dypvik-Anda
Jesper Jørgensen

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER
20.11.2022 Andreas Møller – Klepp kyrkje
27.11.2022 Sverre Egeland – Varhaug
kyrkje
18.12.2022 Georg Matteo Høiland – Klepp
kyrkje
Aslak Bjørnø – Klepp kyrkje



VIGDE

TIME KYRKJE
10.01.2023 Marie Soma og Truls
Morten Kvalbein


NOVA
BEGRAVELSESBYRÅ
Gjesdal • Jæren • Sandnes
51 61 04 00
Hele døgnet
Hanne Brit Sandsmark
og Møyfrid Hersdal

www.novabegravelse.no

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase
Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne **917 59 102**
24 TIMERS VAKTTELEFON

KROGEDAL
begravelsesbyrå
 **51 97 29 00**
DØGNVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no



DØDE

Oktober
Kari Pedersen
Vibeke Johannessen

November
Aldis Søyland
Sigbjørn Garborg
Greta Ragna Hovland
Aslaug Ree
Maalfrid Tjensvoll
Tomine Hareland
Monrad Tegle
Kåre Helland
Arne Henning Jaarvik
Anne Jorunn Bjorheim
Kristine Henningsen
Guttorm Slettebø

Desember
Maria Undheim
Erik Aal Jensen
Eldbjørg Alsvik
Grete Tysse
Agnes Marie Haugstad

Januar
Johanne J Fosse
Randi Trøan Haugstad
Arne Berge
Odd Magne Håland
Gyrid Søyland
Solfrid Karin Ree
Anna Hermansen
Else Marie Andersen
Kjellaug Tjøstheim
Sigfrid Norland
Jørgen Bolstad
Karl Vaaland
Joleif Ree

Sorgstøtte- grupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne: marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim: praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77



Gi til NMS – få skattefradrag!





Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

 Jær Tannlegene Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	 Jæren GulvAS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	 REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reime.no - Tlf: 51 73 14 22
 EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	 VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4340 Bryne TLF: 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	 Vår kompetanse - din trygghet SjekkPunkt SILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	 e i k h i	 Vår kompetanse - din trygghet SjekkPunkt SILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS Prestegardmarka 1 4340 Bryne
 JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris	 Renovasjons-service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	 Bryne Rør
 PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggate 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 REMA 1000 Håland	 Bogh Lafoø BILSALG - SERVICE - EU KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
 Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	 SPAREBANKEN SØR	 haver_
 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	 Rogalandshus	 Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
 aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no	 DEN NORSKE KYRKJA	 PIZZABAKEREN Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00

Val av sokneråd i Bryne, Time og Undheim sokn



frist for innlevering av listeforslag

Forslag på kandidater til soknerådet kan meldast sokneråda innan:

15. mars 2023:
- Bryne sokneråd:

Inger Bakke Berge 915 17 753
- Time sokneråd:

Marianne Hauge 481 14 974
- Undheim sokneråd:

Hanne Brit Sandsmark 996 26 157

Valbare er medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som fyller 18 år seinast i 2023.

Listeforslag bør ha minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn, minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år, og ei rimeleg geografisk spreing. Kandidatar skal vera oppført i prioritert rekkjefølgje medfornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og fødselsår, samt eventuell bustad og stilling.

Eigne lister
Det er og anledning for ei nomineringsgruppe på ti personar med stemmerett i soknet, å levera liste til val av sokneråd.

Frist for innlevering av listeforslag er fredag 31. mars 2023 kl 12.00.

E-post:
bryne.soknerad@timekyrkja.no
time.soknerad@timekyrkja.no
undheim.soknerad@timekyrkja.no

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



GUDSTENESTER

26. februar

Bryne kyrkje
Time kyrkje

1. s i fastetida

11.00 Gudsteneste
11.00 Gudsteneste

Matt 4, 1 – 11

Dåp og nattverd. Jungelgjeng
Dåp. Sundagsskule

5. mars

Brekko sportskapell

Undheim kyrkje
Bryne kyrkje

2. s i fastetida

10.30 Gudsteneste
v/ Lye forsamlingshus.
10.30 Gudsteneste
19.00 Kveldsgudsteneste

Matt 15, 21 – 28

Nattverd
Nattverd. Sundagsskule
Nattverd. «Gud i lidelsen»
v/ Kjell Aanensen

12. mars

Bryne kyrkje

3. s i fastetida

11.00 Gudsteneste for store og små

Luk 11, 14 – 28

Dåp. Jungelgjengen.
Livsglede.
Årsmøte
Nattverd.

Time kyrkje

11.00 Gudsteneste

19. mars

Lye forsamlingshus
Undheim kyrkje
Bryne kyrkje
Bryne kyrkje

4. s i f fastetida

10.30 Gudsteneste
10.30 Gudsteneste for store og små
11.00 Gudsteneste med familiefokus
19.00 Kveldsgudsteneste

Joh 11, 45 – 53

Dåp.
Dåpsskulen
Nattverd
Nattverd. «Tru på nettet»
v/Anne Solfrid Brennhovd

Laurdag 25. mars

Time kyrkje

Laurdag e. 4. s i fastetida

15.30 Dåpsgudsteneste

Joh 11, 45 – 53

Sundag 26. mars

Bryne kyrkje

Maria bodskapsdag

11.00 Gudsteneste for store og små

Luk 1, 26 – 38

Nattverd. Barnas påske.
Dåpsskulen
Dåp. Dåpsskulen

Time kyrkje

11.00 Gudsteneste for store og små

Sundag 2. april

Undheim kyrkje
Lye forsamlingshus
Bryne kyrkje

Palmesøndag

10.30 Gudsteneste
10.30 Gudsteneste
11.00 Gudsteneste

Joh. 12, 12-24

Nattverd. Sundagsskule
Nattverd. Påskedrama
Dåp. Jungelgjeng